



Notat

Dato: 02.06.2015
Arkivsak: 2015/2511-6
Saksbehandlar: johmeye

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Klageinstans for klage på skriftleg irtettesetting

Det er høve for dei som er «part» i saker der offentlege organ gjer vedtak som gjeld rettar og pliktar for den eneskilde å klage på slike enkeltvedtak. Klageretten er lovfesta i forvaltningslova. Lova gjev klåre føringar på saksbehandling i samband med slik klage.

Når einingsleiar i samsvar med delegert fullmakt frå fylkesrådmannen gjer vedtak om irtettesetting er dette eit enkeltvedtak etter forvaltningslova der fylkesrådmannen er «offentleg organ» etter kommunelova.

Det er trong for å klargjere rutinar for sakshandsaming og tydeleggjere klageinstans i denne type saker.

Fylkesrådmannen har difor gjort vedtak om at slike saker skal rettast til den fylkeskommunale klagenemnda i samsvar med reglement for klagenemnda som seier i pkt 2:

«Klagenemnda tek avgjerd i saker om klage på enkeltvedtak gjort av fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av kommunelova, med unntak av fylkestinget.

Klagenemnda tek og avgjerd i andre saker der det i lov eller forskrift er fastsett at fylkeskommunen eller fylkeskommunalt organ er klageinstans, og fylkestinget ikkje har lagt dette til andre.»

Fylkesrådmannen sitt saksframlegg med vedtak går fram av vedlegget her.